

ÅRSMELDING FRÅ STYRET I LEIKANGER JAKT OG FISKELAG

Desse har vore med i styret for LJF i 1996:

Leiar	Kurt Langeteig
kasserar	Kjell Erik Strand
Nestleiar	Odd Reksnes
Styremedlem	Nils Olav Langeteig
Styremedlem	Bjørn Fjøsne

På styremøta møter og leiarane i jakt-og fiskeutvala, i 1996 har det vore Svein Inge Lundheim og Åsmund Espe. I meldingsåret har det vore 7 styremøte og eitt medlemsmøte. Styremøta har alle vore haldne hjå Kurt, medlemsmøtet vart halde på biblioteket.

En store saka i 1996 var flyttinga av leirduebana frå Kleppa til Kvålen, svært mykje av arbeidet til styre har dreia seg om denne saka. Planar over området med teikningar av standplassar, teikningar av lagshytte og vatn og kloakkplanar vart laga. Området vart og støyberekna.

Ljf arrangert og folkemøte om skytebana på Kvålen. Møtet vart halde i Leikanger skyttarlag sine lokale på Moene. Det var folk frå Leikanger kommune som orienterte.

Den 12.8. var det medlemsmøtet på biblioteket. Temaet var flytting av skytebana. Odd orienterte om planane. Det møtte 13 medlemar.

Den 24.9. var saka opp til endeleg avgjerd i kommunestyret, og vart forkasta med 6 røyster for og 9 mot. Etter den tid har styret nærmast lege i dvale.

Andre saker som vi skulle ha jobba med var oppstarting av ei hundegruppe. Dette har ikkje vore jobba nok med men er ei sak som det nye styret bør prioritere.

Bruk og reglar for bruk av Trastadalshytta er nærmast klare og vil bli utsende til medlemane.

Viser elles til årsmelding frå jakt- og fiskeutvalet.

I meldingsåret 1996 har Leikanger Jakt og Fiskelag hatt 94 medlemar.

Styret

ÅRSMELDING JAKTUTVALET 1996.

96-sesongen har vore ein svært god sesong resultatmessig i både jegertrap og nordisk trap. Leikanger J.F.L. sine skyttarar har vore heilt i toppen i dei fleste stemne dei har delteke i, som til dømes gullmedaljen til Olav Aarskaug i NM - Nordisk trap og gullmedaljen i Norgescupen for stål for 5-manns lag.

Det har vore god aktivitet på leirduebana på Kleppa i året som har gått. Det har vore trening på bana kvar tysdag og fredag frå mai til byrjinga av september. Bana var stengd ca. ein månad i ferien. Laget har arrangert 2 dagar med opne stemne, med eit gjennomsnitt på 25 skyttarar kvar dag. dette er ein oppgang på 4 frå i fjor.

Pinsekarusellen:

Pinsekarusellen vart også i år vunnen av Kurt Langeteig med 92 treff. Det var det andre nappet hans i den nye vandrepokalen (EVT).

Inga og Sigmund's vandrepokal som går ut på siste stemna kvart år, vart vunnen av Kurt Langeteig til odel og eige med 23 treff.

Vestlandsmeisterskapen på Ulven, Os:

Vestlandsmeister vart også i år Kurt Langeteig (71 tr.) etter omskyting med Olav Aarskaug.

Frode Husum (70 tr.) vart nr. 4 etter omskyting om 3. plassen med Gunnar Leknes.

I lagskytinga for 3-manns lag vart Leikanger J.F.L. nr. 2 etter Førde J.F.L. Med på laget vart Kurt Langeteig, Nils Olav Langeteig og Frode Husum.

Frode Husum skaut 50 treff av 50 moglege på Askvoll og Holmedal sitt stemne den 10. august.

NM - jegertrap på Lillehammer:

Leikanger J.F.L. stilte med 6 deltakarar.

Frode Husum vart nr. 7 totalt og nr. 5 i A-klassen etter omskyting om bronsemedaljen.

Andre som fekk premie var Nils Olav Langeteig og Odd Reksnes.

Leikanger J.F.L. hadde 2 lag med på lagskytinga for 3-manns lag.

1. laget med Kurt Langeteig, Nils Olav Langeteig og Frode Husum, endte på 7. plass etter omskyting om 3. plassen.

2. laget med Odd Reksnes, Vidar Frækaland og Svein Inge Lundheim, vart nr. 57.

Det var i alt med 95 3-manns lag.

Finalen i Norges-cupen for stål for 5-manns lag:

Leikanger J.F.L. tok 1. plassen etter omskyting med Nidaros J.S.K. Med på gullaget var Kurt Langeteig, Nils Olav Langeteig, Odd Reksnes, Frode Husum og Svein Inge Lundheim.

Dette er 3. gongen Leikanger J.F.L. er med i finalen i stålcupen, og 3. medaljen. Første året endte laget på 3. plass, andre året på 2. plass, berre eit treff etter 1. plassen.

NM - Dobbel Trap, Løiten:

Olav Aarskaug tok bronsemedalje og Geir Vie vart nr. 8.

NM - OL Trap, Løvsjøld/Enebakk J.F.F.:

Geir Vie nr. 17 og Olav Aarskaug nr. 19.

NM - Nordisk Trap, Flå:

Det var mykje god skyting av dei 9 skyttarane frå Leikanger J.F.L. som var med på NM, i alt 8 av dei fekk premie.

Best av alle vart Olav Aarskaug som vart Norgesmeister med (196+24)tr. av 225 moglege. Kurt Langeteig vart nr. 8 i A-klassen og nr. 8 samanlagt (193 tr.) og Frode Husum nr. 1 i B-klassen og nr. 9 samanlagt (193 tr.).

Elles vart Nils Olav Langeteig nr. 13 i A-klassen (188 tr.), Gunnar Leknes nr. 5 i B-klassen (187 tr.), Svein Inge Lundheim nr. 9 i B-klassen (182 tr.), Agnar Leknes nr. 12 i B-klassen (179 tr.), Loyd Mandelid nr. 15 i B-klassen (177 tr.) og Nils Gjelsvik nr. 20 i B-klassen (173 tr.).

I lagskytinga for 3-manns lag stilte Leikanger J.F.L. med 3 lag. Det var i alt 26 lag med på NM. Vinnar av lagkonkurransen (etter 150 skot) vart Løiten med 433 tr.

Nr. 2 vart Leikanger I (431 tr.) med Kurt Langeteig, Gunnar Leknes og Frode Husum.

Nr. 4 vart Leikanger II (425 tr.) med Olav Aarskaug, Nils Olav Langeteig og Svein Inge Lundheim.

Nr. 13 vart Leikanger III (406 tr.) med Loyd Mandelid, Agnar Leknes og Nils Gjelsvik.

Som ein ser, var me ikkje heilt heldig med laguttaka.

Til landskampen mot Sverige i Nordisk Trap som gjekk i Karlstad i Sverige, vart Kurt Langeteig, Frode Husum og Gunnar Leknes uttekne til å representere Norge i seniorklassen. Det vart diverre tap i landskampen.

Finalen i Sogn og Fjordane cup gjekk på Kleppa.

Leikanger J.F.L. stilte med 4 skyttarar i finalen som i år vart utvida til 12 plassar.

Etter 50 skot var 3 skyttarar like med 48 treff. Etter omskyting vart Kurt Langeteig nr. 1, Gunnar Leknes nr. 2 og Svein Inge Lundheim nr. 3. På 4. plass kom Nils Olav Langeteig med 47 treff og Frode Husum kom på 8. plass med 44 treff. Kurt Langeteig tok sitt første napp i vandrepokalen som er oppsett av Sogn og Fjordane J.F.F. Det var andre året vandrepokalen gjekk.

Det var berre 11 deltakarar med på **lagsmeisterskapet på Kleppa**. Frode Husum vart lagsmeister og vinnar av seniorklassen med 25 treff og fekk det andre nappet av to moglege i den nye vandrepokalen. Per Henjum vart vinnar av jegerklassen med 18 treff og Jan Brede Husum vart vinnar av juniorklassen med 6 treff.

Utestemne:

Ca. 15 skyttarar har vore med på utestemne i fylket og andre stader i landet. 3 skyttarar frå Førde, 4 frå Askvoll og Holmedal og 2 frå Vik har vore sidemedlemmer i Leikanger J.F.L. for å få skyta i Nordisk Trap.

Stemnevinnarar i 1996:	Frode Husum	5 stemne
	Kurt Langeteig	3 stemne
	Olav Aarskaug	1 stemne (Nordisk Trap)
	Svein Inge Lundheim	1 stemne

Det har ikkje vore arrangert jegerprøve i 1996 på grunn av at laget ikkje har godkjende jegerprøveinstruktørar. Jaktutvalet skal arbeide med å få medlemmer elller andre interesserte på jegerprøveinstuktørkurs, som skal arrangerast i april 97. Alle kursavgifter blir dekkja av laget. Jaktutvalet må utvida samarbeidet med grunneigarlaget og diskutere div. tiltak når det gjeld jakt og den nye viltregistrering/taksering som vil kome i 97.

N.J.F.F. har utarbeidd kurset "Taksering av småvilt" trinn I som vil bli arrangert i kvar kommune.

Leikanger Jakt og Fiskelag
Jaktutvalet
Svein Inge Lundheim

-formann-

ÅRSMELDING FRÅ FISKEUTVALET FOR 1996

Også i 1996 har det vore ordning med sal av fiskekort i nedre del av Henjaelva. Elles har dei tradisjonelle fiskekonkurransane vore avvikla, og det har vore kontakt med kommunen for å få utført fysiske tiltak i og langs Henjaelva for å betre fiskeforholda. Det er òg ordna med munnleg løyve til å rydde ein del skog langs elva frå Fivelhola og innom stølen.

Konkurransar

Sjøfiskekonkurransen "Vårsprellen" vart avvikla søndag den 12. mai i strålende vårvêr. Dei 25 deltakarane drog på land nær 23 kg. fisk. Dvs om lag 10 kg. meir enn året før.

I familieklassa vart det null fangst. I dameklassa var det Anna Fjøsne som gjekk sigrande ut av konkurransen med ein samla fangst på 2,425 kg. Jan Thore Fedje vann herreklassa med tot. 5,0 kg. Andreplassen gikk til Ivar Ness med 2,640 kg.

Største fisken fikk sogndølen Oddvar Sterri. Med ein torsk på 1,320 kg. fekk han sitt første napp i vandrepokalen, som må vinnast tre gonger. Frå før har Jan Thore Fedje to napp i pokalen.

Nytt av året var kåring av juniormeister: Vinnar vart Ingar Husabø med samla mengde på 1,625 kg. Andreplassen gikk til Odd Ragnar Eggum Jensen med 1,5 kg.

Konkurransen på Fjærlandssete gikk av stabelen den 3. og 4. august. Det dårlege vêret må få skulda for at berre 14 personar deltok i konkurransen. Ivar Ness slo til igjen, og kom på toppen av resultatlista både for største fisk (602 gr.) og mest fisk (18 stk.). Svein Jarle Slinde kom på andre plass i klassa for mest fisk med 14 stk. I juniorklassa var det Tommy Røysum som fekk mest fisk (3 stk.) med Øyvind Slinde på andre plass (1 stk.). Heller ikkje denne gangen var det fangst med flugestong i seniorklassa, men i den nyoppretta klassa for størst fisk på flugestong for juniorar, slo Tommy Røysum til med ein aure på 336 gr.

Arrangementet vart godt avvikla med Knut Gjerde og Rune Lundheim som ansvarlege. Dei hadde òg laga til presseomtale som vart sendt avisene i god tid før konkurransen.

Fiskekortordninga

Også i 1996 fekk vi avtaler om fiske på begge sider av Henjaelva. Alle avtalene, med eitt unntak, er gjort gjeldande for eitt år, og med rett til seinare forlenging i 10 år. Det er Kolbjørn Nord som har fått i stand avtalene, organisert kortopplegget og innhenta fangstoppgåver. Kortsalet er det Esso-stasjonen sine folk som har stått føre.

Fisketida i 1996 var den same som året før; 15/6 - 31/8.

Fangsttala viser kun 1 laks på 3,8 kg. Resultatet i 1995 var 18 laks (93,9 kg.) og 4 sjøaurar (8,8 kg.), og i 1994 149,8 kg. laks og 10,8 kg. sjøaure. Kaldt vatn tidleg i sesongen og lita vassføring i elva seinare på sesongen er nok medverkande til dette.

./.

Kopi av fangstrapport ligg ved.

I alt vart det selt berre 24 kort i 1996 (120 i fjor).

Av dei aktuelle saker/spørsmål som utvalet sette som arbeidsmål for 1996, er mykje følgt opp, men samarbeidet med kommunen vedkomande betring av tilhøva i/langs Henjaelva hadde vi gjerne sett var kome lenger. Grunnen til at det har stoppa opp, er både kapasitetsproblem i komm.administrasjonen og mykje reisefråver på ein del av medlemmane i fiskeutvalet.

Kurs

Formannen i utvalet deltok i eit helgakurs på Skei i "Driftsplanlegging i anadrome vassdrag".

Leikanger Jakt- og Fiskelag
Fiskeutvalet

Åsmund Espe
-formann-

REKNESKAPEN 1996

UTGIFTER

Gebyr	224,00
Frakt	150,00
Kurs/møte	1080,00
Kioskvarer	563,40
Kjøp premiar	7529,50
Div. utgifter	5626,50
Kjøp skot/duer	18527,65
Lotteri	5199,50
Fiske	<u>651,60</u>
	39552,05

INNETEKTER

Renteinntekter	1 262,00
Inntekter trening/stemne	31 458,50
Sponsorinntekter	3 500,00
Kontingentinnkreving	3 080,00
Loddsal	19 319,00
Leigeinntekt bane	1 000,00
Fiskekort Nedre Henjaelv	1 320,00
Fiskekonkurransse Fjærlandsete	560,50
Sjøfiskekonkurransse	<u>800,00</u>
	62300,00

OVERSKOT: 22747,95

AKTIVA PR. 31.12.96:

SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE	52.610,95
SKOT - DUER- PREMIAR M.M.	9.435,49
BYGG ANLEGG	22.437,00
LEIRDUEKASTAR M/UTSTYR	<u>31.419,00</u>
SUM AKTIVA	115.902,44

Hermansverk 25.02.97

Kjell Erik Strand

Kjell Erik Strand

Styret i Likanger Jakt og Fiskelag 1996

B Formann: Kurt Langeteig *attval*
A Nestformann: Odd Reksnes
A Kasserar: Kjell Erik Strand
B Sekretær: ~~Bjørn Fjøsne~~ *Sven Erik Vestby*
A Styremedlem: Nils Olav Langeteig
B Varamann: Steinar Berkvam *attval*

Jaktutval:

A Formann: Svein Inge Lundheim
A Medlem: Steinar Berkvam
B Medlem: Ivar Fagerheim *attval*
B Varamedlem: Vidar Frækaland *attval*

Fiskeutval:

B Formann: ~~Åsmund Espe~~ *Jan Thore Fedje*
B Medlem: Steinar Røysum *attval*
A Medlem: Rune Lundheim
B Medlem: ~~Kolbjørn Nord~~ *Ivar Ness*
A Varamedlem: Geir Ove Røysum

Revisorar:

B Sverre Fossen *attval*
A Inge Yttri

Valnemnd:

B Formann: ~~3 Vidar Frækaland~~ *Jan Thore Fedje*
B Formann: ~~1 Geir Nygard~~ *attval*
A Formann: ~~2 Per Olav Henjum~~

Forklaring:

A = Ikkje på val (ved årsmøtet 1997)
B = På val (ved årsmøtet 1997)

Risemøte 7/3-97, Fjordkroa.

Den 7/3-97 vant det for meldingsåret 1996 holde styremøte på Fjordkroa. Det møtte 17 medlemmer.

Sak 1: Godkjenning av innkalling

Sak 2: Val av 2 medl. til å underskrive møteprot.

Sak 3: Rismeldinger

Sak 4: Rekneskap

Sak 5: Endring av vedtekter

Sak 6: Val

Sak 7: Ymse

Sak 1: Ingen merknader til innkallingen.

Sak 2: Rasmund Espe og Svan Erik Vestby
vart valde til å underskrive møteprotollen.

Sak 3: Rismeldingane var utsende til medlemmane,
det var ingen merknader men et par spørsmål.

Sak 4: Rekneskap, godkjent utan merknader.

Sak 5: Det vart ikkje gjort endringar i vedtekten.

Styret vert oppmoda av årsmøtet til å gå gjennom
og endt. kom med forslag til vedtektsendringar.
Eint. endringar skal leggjast fram på neste årsmøte.

6 val: Desse stod på val.

Styret:

Formann: Kurt Langeleig. attval.
Sekretar, forslag på S.E. Vestby, vald
Vara: Steinur Bergkvam, attval

Jaktutval: Ivar Fagerheim, attval
Varamedlem: Vidar Frøkaland, attval.

Fiskeutval:

Leiar: Jan Tore Fedje, vald, ny
Medlem: Steinur Røysum, attval
" : Ivar Ness, vald, ny

Revisor: Sverre Fossum, attval

Valnemnd:

Formann: Jan Tore Fedje, vald, ny
Medlem: Geir Nygard, attval

Vause: Odd orienterte om dei vidare skytebaneplanane.
Området iinn på Sanden har vore vurdert og
er det framleis. Vidar Frøkaland kom med
forslag om at det alt no bør søkjest om fulgega
kontrakt på Kleppa.

Sverre Erik Vestby

Steinur Bergkvam